
Arkivkode:

Saksnummer: 2015/3180

Orienteringssak: **b**

Møte: 10. september 2015

Rekneskapsrapport per juli 2015

Bakgrunn

Per juli 2015 har kostnadane vore ca. 14 millionar kroner lågare enn inntektene på grunntildelinga (GB). Driftsresultatet er dermed ca. 22 millionar kroner betre enn budsjettert per juli, og det skuldast både at inntektene har vore høgare enn budsjettert og at kostnadane har vore lågare enn budsjettert. Prognose for overføring til 2016 på GB er per juli på 5 millionar kroner.

Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) har per juli vore på ca. 196 millionar kroner. Dette er ca. 27 millionar kroner lågare enn budsjett per juli, men ein auke på ca. 13 millionar kroner (7,3 %) samanlikna med same periode i fjor. Avviket frå budsjett skuldast hovudsakeleg NFR-bidragsaktivitet, medan auken samanlikna med juli 2014 i stor grad skuldast EU-bidragsaktivitet. Aktivitetsprognosen på 353 millionar kroner viser at fakultetet per juli ventar at aktiviteten vil verte noko lågare enn budsjettert i 2015. Innbetalingane frå BOA har per juli vore tydeleg høgare enn både budsjetterte innbetalingar og innbetalingar i same periode i fjor. Innbetalingsprognosen på 338 millionar kroner viser at fakultetet per juli likevel ventar at innbetalingane for året sett under eitt vil vere noko lågare enn budsjettert. Fakultetet ventar å byggje ned overføringane på BOA med 20 millionar kroner i 2015.

Fakultetsdirektørens kommentar

Den økonomiske situasjonen ved fakultetet er prega av at det dei siste åra har vore store svingingar i resultatutsette inntekter, samt av at det tek tid å tilpasse seg ein situasjon der ein stadig større del av inntektene vert konkurranseutsett. Dette var tema på økonomimøter med institutta tidlegare i år, og er fokus i den pågåande prosessen for ein bærekraftig langsiktig fakultetsøkonomi.

Fakultetet overførte overskot til 2015 og har driftsoverskot per juli. At vi likevel ikkje ventar å overføre meir til 2016, skuldast mellom anna at fakultetet også overførte forplikingar til 2015 som overstig overførte midlar, men òg at vi ventar høgare kostnadar utover hausten.

Fakultetet har fokus på å auke inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA), og har i 2015 tydeleggjort sine bidrag inn mot slike prosjekt for å auke insentiveffekten.

Forslag til vedtak

Fakultetsstyret tek økonomirapport per juli 2015 til orientering.

Bergen, 4. september 2015


Elisabeth Müller Lysebo
fakultetsdirektør

Vedlegg: Økonomirapport per juli 2015


Økonomirapport MN per juli 2015

1. Totaløkonomien ved fakultetet

Figur 1 Utvikling GB og BOA per juli 2009-2015




Figur 2 Utvikling BOA per juli 2009-2015



Figur 1 viser samla utvikling i inntekter til fakultetet per juli i perioden 2009-2015, medan figur 2 viser utvikling i inntekter frå BOA fordelt på dei ulike finansieringskjeldene. Medan inntektene på GB har auka jamt i perioden, er det noko meir variasjon i BOA. Per juli 2015 er aktiviteten høgare enn på same tidspunkt i nokon år tidlegare i perioden, og det er spesielt NFR-bidragsaktivitet og EU-bidragsaktivitet som har auka. Auke i NFR-bidragsaktivitet skuldast i stor grad innkjøp av nasjonal infrastruktur ved Institutt for geovitenskap (GEO).

Per juli 2015 kjem 36,2 % av inntektene til fakultetet frå BOA, mot 35,5 % på same tid i fjor.

Figur 3 Prosentvis fordeling kostnader GB og BOA per institutt per juli 2015



Figur 3 viser korleis kostnadane fordeler seg på GB og BOA per institutt. For dei fleste institutta er hovudvekta av aktiviteten finansiert av GB, medan Institutt for fysikk og teknologi (IFT), Geofysisk institutt (GFI) og GEO har over 50 % av aktiviteten på BOA.

2. Grunntildeling (GB)

Tabell 1 Grunntildeling (motpart 00) per juli 2015 (tal i 1000 kr)

Grunnbevilgning (mill.kr)	Prognose 2015	Årsbudsjett 2015	Budsjett pr juli 2015	Rekneskap pr juli 2015	Avvik pr juli 2015	Avvik %	Rekneskap pr juli 2014	Endring frå juli 2014
Inntekter frå KD		-594 745	-335 484	-336 633	1 149	0,3 %	-321 898	4,6 %
Andre inntekter		-14 000	-2 403	-8 964	6 561	273,0 %	-10 009	-10,4 %
Inntekter		-608 745	-337 887	-345 597	7 710	2,3 %	-331 907	4,1 %
Investeringar		25 482	8 847	7 109	1 738	19,6 %	8 538	-16,7 %
Lønnskostnadar		465 600	248 382	247 182	1 200	0,5 %	234 409	5,4 %
Andre driftskostnadar		81 850	43 944	43 539	405	0,9 %	43 859	-0,7 %
Internhandel med meir		51 634	45 400	34 087	11 313	24,9 %	45 077	-24,4 %
Kostnadar		624 566	346 573	331 917	14 656	4,2 %	331 883	0,0 %
Driftsresultat		15 821	8 686	-13 680	22 366		-24	
Saldo overført frå forrige år		-15 821	-15 821	-15 821	0		-28 174	
Saldo overført til neste periode	5 000	0	7 135	29 501	-22 366		28 198	
Sum		0	0	0	0		0	

Driftsresultatet på GB er per juli på ca. 13,7 millionar kroner, og fakultetet har dermed overføringar på ca. 29,5 millionar kroner per juli. Dette er ca. 22,4 millionar kroner høgare enn budsjettert og 1,3 millionar kroner høgare enn på same tid i fjor.

Inntektene på GB er per juli ca. 7,7 millionar kroner (2,3 %) høgare enn budsjettert, og 23,7 millionar kroner (4,1 %) høgare enn på same tid i fjor. Det er eit mindre, positivt periodeavvik i inntektene frå KD, og fakultetet har per juli ikkje inntektsreduksjon knytt til lediggang i rekrutteringsstillingar. Andre inntekter har vore ca. 6,6 millionar kroner høgare enn budsjettert, mellom anna på grunn av lisensinntekter frå BTO.

Kostnadane på GB er per juli ca. 14,7 millionar kroner (4,2 %) lågare enn budsjettert, men på same nivå som per juli 2014. Lønnskostnadane på GB har derimot auka med 5,4% samanlikna med same periode i fjor, og lønnskostnadane utgjer dermed 74,5 % av kostnadane per juli 2015 mot 70,6 % per juli 2014. Når samla kostnadar ikkje har auka, til tross for auken i lønnskostnadar, skuldast det at netto interne kostnadar og investeringar har vore lågare enn i same periode i fjor og lågare enn budsjettert. Låge netto interne kostnadar skuldast delvis periodeavvik på fakultetsnivået og IFT, samt at netto inntekter frå BOA til GB (netto overhead, frikjøp og leigestadsinntekter) har vore høgare enn budsjettert ved fleire av institutta.


På motpart 81 har avskrivningane vore ca. 1,9 millionar kroner høgare enn investeringane. Investeringane har vore ca. 12,9 millionar kroner høgare enn i same periode i fjor, hovudsakeleg pga. innkjøp av ROV ved GEO, medan avskrivningane har auka med ca. 3,2 millionar kroner samanlikna med same periode i fjor.

Figur 4 Budsjett og rekneskap per måned 2015 (tal i 1000 kr)



Figur 4 viser budsjetterte og rekneskapsførte kostnader på GB per måned for fakultetet sett under eitt. Som figuren viser er det noko avvik mellom budsjett og rekneskap, og det er noko større svingingar i rekneskapen enn i budsjettet, men rekneskapen følgjer i relativt stor grad same mønster som budsjettet.

Figur 5 Rekrutteringsstillingar GB, faktiske årsverk per juli og tildeling 2015



Figur 5 viser talet på faktiske stipendiat- og postdoktorårsverk i 2015 samanlikna med årets tildeling per institutt. Som figuren viser har somme av institutta lediggang i rekrutteringsstillingar, medan andre har hatt fleire årsverk enn dei får inntekter for per juli.

3. Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)

Tabell 2 Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet per juli 2015 (tal i 1000 kr)

Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet	Årsbudsjett 2015	Budsjett pr juli 2015	Rekneskap pr juli 2015	Avvik pr juli 2015	Avvik %	Rekneskap pr juli 2014	Endring frå juli 2014
Tilskot/Innbetalningar							
Norges forskingsråd	-230 000	-137 366	-184 530	-47 164	-34,3 %	-121 993	51,3 %
EU	-32 000	-7 783	-5 382	2 402	30,9 %	-5 696	-5,5 %
Andre bidrag	-83 000	-35 497	-43 584	-8 087	-22,8 %	-47 576	-8,4 %
Oppdrag	-3 000	-2 405	-3 533	-1 128	-46,9 %	-84	5441,6 %
Sum	-348 000	-183 051	-237 028	-53 977	-29,5 %	-175 328	35,2 %
Aktivitet/kostnader							
Norges forskingsråd	245 000	148 491	117 430	-31 061	-20,9 %	111 863	5,0 %
EU	33 500	21 898	25 171	3 273	14,9 %	15 096	66,7 %
Andre bidrag	96 000	50 819	52 598	1 780	3,5 %	53 460	-1,6 %
Oppdrag	4 500	2 149	818	-1 331	-61,9 %	2 194	-62,7 %
Sum	379 000	223 357	196 018	-27 339	-12,2 %	182 612	7,3 %
Saldo overført frå forrige år							
Norges forskingsråd	-10 308	-10 308	-10 308	0	0,0 %	-29 527	-65,1 %
EU	-31 055	-31 055	-31 055	0	0,0 %	-36 315	-14,5 %
Andre bidrag	-44 192	-44 192	-44 192	0	0,0 %	-50 122	-11,8 %
Oppdrag	-3 737	-3 737	-3 737	0	0,0 %	-4 364	-14,4 %
Sum	-89 292	-89 292	-89 291	1	0,0 %	-120 328	-25,8 %
Saldo overført til neste periode							
Norges forskingsråd	-4 692	-817	77 408	78 224	9580,4 %	39 657	95,2 %
EU	29 555	16 940	11 265	-5 674	-33,5 %	26 915	-58,1 %
Andre bidrag	31 192	28 870	35 177	6 307	21,8 %	44 238	-20,5 %
Oppdrag	2 237	3 993	6 451	2 459	61,6 %	2 234	188,8 %
Sum	58 292	48 986	130 302	81 315	166,0 %	113 044	15,3 %
Sum	0	0	0	0		0	

Samla bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet har vore ca. 27,3 millionar kroner (12,2 %) lågare enn budsjettert per juli, på grunn av at NFR-bidragsaktiviteten og oppdragsaktiviteten har vore låg. Avviket i NFR-bidragsaktivitet er i stor grad knytt til innkjøp av nasjonal infrastruktur og skuldast mellom anna at innkjøp av NMR-maskin ikkje vil verte gjennomført før i 2016.

Samanlikna med same periode i fjor har aktiviteten auka med ca. 13,4 millionar kroner (7,3 %). NFR-bidragsaktivitet og EU-bidragsaktivitet har begge auka, medan oppdragsaktivitet og annan bidragsaktivitet er redusert.

Innbetalingane frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet har per juli vore ca. 54,0 millionar kroner (29,5 %) høgare enn budsjettert og ca. 61,7 millionar kroner (35,2 %) høgare enn i same periode i fjor.


Det skuldast hovudsakeleg høge innbetalingar frå NFR, i stor grad til innkjøp av nasjonal infrastruktur. Innbetalingane frå EU har per juli vore 2,4 millionar kroner (30,9 %) lågare enn budsjettert og 0,3 millionar (5,5 %) lågare enn i same periode i fjor.

På grunn av at aktiviteten har vore lågare og innbetalingane høgare enn budsjettert, er overføringane på BOA per juli på heile 130 millionar kroner. Dette er ca. 81,3 millionar kroner (166,0 %) høgare enn budsjettert og ca. 17,3 millionar kroner (15,3 %) høgare enn på same tid i fjor.

Tabell 3 BOA-aktivitet per institutt per juli 2015 (tal i 1000 kr)

Finansieringskilde	MN-felles	MI	II	IFT	KI	MBI	GFI	GEO	BIO	GEOBIO	Samla
1. Oppdragsaktivitet	0	0	0	205	0	43	-263	15	819	0	818
2. NFR - bidragsaktivitet	0	6 864	5 599	23 151	5 365	4 118	14 447	36 326	21 156	403	117 430
3. EU - bidragsaktivitet	0	296	3 323	5 780	859	6	4 535	4 274	6 099	0	25 171
4. Annen bidragsaktivitet	1 823	2 760	2 984	9 599	1 243	3 712	5 653	16 993	7 831	0	52 598
Sum	1 823	9 920	11 906	38 735	7 467	7 878	24 371	57 608	35 906	403	196 018
Prosent av samla BOA	0,9 %	5,1 %	6,1 %	19,8 %	3,8 %	4,0 %	12,4 %	29,4 %	18,3 %	0,2 %	100,0 %

Figur 6 BOA-aktivitet per institutt per juli 2015 (tal i 1000 kr)



Tabell 3 og Figur 6 viser BOA-aktivitet per institutt per juli 2015. Samla aktivitet, NFR-bidragsaktivitet og annan bidragsaktivitet har alle vore størst ved GEO, medan EU-bidragsaktivitet og oppdragsaktiviteten har vore størst ved Institutt for biologi (BIO).

Tabell 3 viser i tillegg fordelinga av BOA-aktivitet ved fakultetet. Størst aktivitet har det vore ved GEO, IFT og BIO, og desse institutta står per juli for heile 67,5 % av samla aktivitet ved fakultetet.

Tabell 4 Utvikling i bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet per juli 2013-2015 (tal i 1000 kr)

Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet		Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Prognose 2015
Tilskot/Innbetalinger					
	Norges forskingsråd	-180 711	-196 422	-230 000	-230 000
	EU	-50 392	-24 966	-32 000	-25 000
	Andre bidrag	-139 622	-99 435	-83 000	-80 000
	Oppdrag	-6 671	-4 669	-3 000	-3 000
	Sum	-377 395	-325 492	-348 000	-338 000
Aktivitet/kostnader					
	Norges forskingsråd	156 160	216 372	245 000	225 000
	EU	23 910	30 674	33 500	38 500
	Andre bidrag	110 448	104 257	96 000	90 000
	Oppdrag	5 872	5 295	4 500	4 500
	Sum	296 389	356 599	379 000	358 000
Saldo overført frå forrige år					
	Norges forskingsråd	-2 057	-31 231	-10 308	-10 308
	EU	-10 793	-35 456	-31 055	-31 055
	Andre bidrag	-19 676	-49 277	-44 192	-44 192
	Oppdrag	-3 564	-4 364	-3 737	-3 737
	Sum	-36 091	-120 328	-89 292	-89 292
Saldo overført til neste periode					
	Norges forskingsråd	27 599	11 280	-4 692	15 308
	EU	37 276	29 749	29 555	17 555
	Andre bidrag	48 850	44 455	31 192	34 192
	Oppdrag	4 364	3 737	2 237	2 237
	Sum	118 089	89 221	58 292	69 292
Sum		991	0	0	0

Fakultetet har budsjettert med bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet på 379 millionar kroner i 2015, og innbetalingar frå denne aktiviteten på 348 millionar kroner. Som vist i prognose 2015 ventast både aktiviteten og innbetalingane å verte noko lågare enn budsjettert.

Fakultetet ventar at NFR-bidragsaktiviteten og annan bidragsaktivitet vil verte lågare enn budsjettert i 2015, medan EU-bidragsaktivitet vil verte høgare og oppdragsaktiviteten som budsjettert. Prognosen for NFR-bidragsaktivitet vart nedjustert etter at det vart klart at innkjøp av NMR-maskin ved Kjemisk institutt (KI) ikkje ventast gjennomført før i 2016, og prognosen for annan bidragsaktivitet vart nedjustert etter at institutta meldte om forventa låg aktivitet. Prognosen for EU-bidragsaktivitet vart auka mellom anna på grunn av nye prosjekt ved GFI.

Innbetalingane frå EU-bidragsaktivitet og annan bidragsaktivitet ventast å verte lågare enn budsjettert, basert på tilbakemeldingar frå institutta. Innbetalinga frå NFR-bidragsaktivitet og oppdragsaktivitet ventast å verte som budsjettert. Dette til tross for at innbetalingane frå NFR-bidragsaktivitet per juli har vore tydeleg høgare enn budsjettert.

Med prognose for innbetalingar som er 20 millionar kroner lågare enn aktivitetsprognosen, ventar fakultetet at overføringane på BOA vert reduserte i 2015.

4. Fakultet 19 – Senter for klimadynamikk (SKD)

Inntektene til Senter for klimadynamikk vert stilt til disposisjon på ein sentral stadkode (191000), samtidig som alle detaljane i SKD sitt rekneskap vert ført på ein stadkode som ligg under fakultetet (129000). Kvar tertial vert kostnadane som er ført under fakultetet overført til den sentrale stadkoden, på internartar. Eit eventuelt over- eller underforbruk vert dermed ikkje synleg i fakultetet sitt rekneskap, men avvik innanfor ulike kostnadskategoriar vil vere det.

Prognose for overføring til 2016 på GB for SKD er 7,5 millionar kroner. Senteret overførte 16,8 millionar kroner frå 2014, og SKD melder at styret for senteret har godkjent auka forbruk i 2015 og 2016 med formål om å byggje ned overføringane.

5. Vedlegg

5.1 Definisjonar og forklaringar

Grunntildelinga (GB) er den aktiviteten som er finansiert av Kunnskapsdepartementet (KD) sitt statstilskot, òg kalla statsopdraget.

GB er delt inn i motpart 00 og 81:

- På motpart 00 vert dei ordinære driftsinntektene og driftskostnadane rekneskapsført. Føringane her har realøkonomiske konsekvensar for fakultetet, og midlane er delt i annuumsmidlar som kan disponerast fritt og midlar til øyremerka tiltak som er tildelt spesielle føremål (t.d. universitetsstipendiatar og utstyr). I tillegg vert andre inntekter, som ikkje gjeld bidrags- og oppdragsforskning (som leigeinntekter, refusjonar og liknande), ført her.
- På motpart 81 vert avskrivningane ved fakultetet rekneskapsført. Her visast fakultetet sine totale investeringar og avskrivningar, og det vert synleggjort om fakultetet investerer tilstrekkeleg til å oppretthalde verdien av fakultetet sin utstyrspark. Dersom avskrivningane er høgare enn investeringane kan det vere nødvendig å setje i verk tiltak for å oppretthalde verdien på utstyrsparken. Føringane på motpart 81 får ikkje realøkonomiske konsekvensar, dvs. dei påverkar ikkje fakultetet sitt driftsresultat.

I tillegg til inntekter frå GB utgjer inntekter frå eksterne bidrags- og oppdragsytarar ein viktig del av fakultetet si samla omsetning. Denne verksemda er delt i aktivitetar finansiert av Noregs forskingsråd (NFR), EU, andre bidragsytarar og oppdragsgivarar. Denne aktiviteten omfattar prosjekt der aktiviteten føregår ved Universitetet i Bergen. Den omfattar ikkje aktivitet som føregår ved andre institusjonar (t.d. Universitetet i Oslo eller UNI Research AS).